



Arkiv: FE - 230
Saksmappe: 16/134
JournalpostID: 16/1213
Sakshandsamar: Følid, Helge
Dato: 19.02.2016

Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
012/16	Formannskapet	24.02.2016

Framlegg til endringar i inntektssystemet for kommunar. Fråsegn.

Rådmannen si tilråding:

1. Gaular kommune meiner at dei føreslegne endringane i inntektssystemet er så omfattande og har så store konsekvensar at dei bør utgreiast på same måte som tidlegare utgreiingar om endringar i inntektssystemet. Det er naturleg at slike endringar vert utgreidd og vurdert i utval med representantar frå ulike interessegrupper og fagfolk (t.d. NOU).

2. Det er uhelding at endringar i inntektssystemet vert knytta opp mot det pågåande arbeidet med kommunereform, og at kommunane må ta viktige steg i ei utgreiing om samanslåing før ein kjenner det endelege resultatet av Stortinget si handsaming av kommueproposisjonen for 2017.

3. Kommunen vil peike på at kriteria reiseavstand og Sør-Norgetilskotet truleg vil gje Gaular kommune ein inntektssvikt på inntil om lag 8,3 mill. Av omsyn til konsekvensane for tenestetilbodet bør slike endringar ikkje gjennomførast.

Dersom dette likevel vert gjennomført bør alternativet med 16,5 km reiseavstand veljast og Sør-Norgetilskotet gjerast uavhengig av distriktskriteriet. Endringane bør eventuelt gjennomførast gradvis.

4. Endringane i delkostnadsnøklar

Barnehage. Kommunen støttar nytt kriterie barn 1-5 år og tal heiltidstilsette 20-44 år.

5. Endringar i skatt.

Skatten sin del av kommunane sine frie inntekter bør ikkje aukast. Før det vert teke standpnt til om selskapsskatt skal overførast til kommunane bør det greiast ut kva konsekvensar dette vil ha for den enkelte kommune. Det er og naudsynt å få dokumentert nærare kva samanheng det er mellom kommunane sitt arbeid med næringsutvikling og

verksemder i kommunen.

Vedlegg i saka:

15.01.2016	Høringsnotat - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene	115625
15.01.2016	Effekter av forslag til nytt inntektssystem	115624
11.02.2016	VS: Uttale om framlegget til nytt inntektssystem	116708
11.02.2016	Endeleg fråsegn inntektssystemet	116709
01.02.2016	Høring - Forslag til nytt inntektssystem for kommunene	116140
01.02.2016	VS: Nytt inntektssystem på høring i kommunene	116139
18.02.2016	KS berekning av øk konsekvens av samaslåing	116996
21.01.2016	Kommunereforma høyringa av nytt/endra inntektssystem	115846

24.02.2016 Formannskapet

Handsaming:

Nytt punkt 4, foreslått av Furnes, Norunn Lunde, Kristeleg Folkeparti
Gaular kommune meiner at inntektssystemet i større grad må sikre inntektene og tenestene i dei mellomstore kommunane som har mellom 10 og 30000 innbyggjarar. Gaular kommune ber regjeringa utvikle strukturkriteriet vidare.

Tilrådinga med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.

FS-012/16 Vedtak i:

1. Gaular kommune meiner at dei føreslegne endringane i inntektssystemet er så omfattande og har så store konsekvensar at dei bør utgreiast på same måte som tidlegare utgreiingar om endringar i inntektssystemet. Det er naturleg at slike endringar vert utgreidd og vurdert i utval med representantar frå ulike interessegrupper og fagfolk (t.d. NOU).

2. Det er uhelding at endringar i inntektssystemet vert knytta opp mot det pågåande arbeidet med kommunereform, og at kommunane må ta viktige steg i ei utgreiing om samanslåing før ein kjenner det endelege resultatet av Stortinget si handsaming av kommueproposisjonen for 2017.

3. Kommunen vil peike på at kriteria reiseavstand og Sør-Norgetilskotet truleg vil gje Gaular kommune ein inntektssvikt på inntil om lag 8,3 mill. Av omsyn til konsekvensane for tenestetilbodet bør slike endringar ikkje gjennomførast.

Dersom dette likevel vert gjennomført bør alternativet med 16,5 km reiseavstand veljast og Sør-Norgetilskotet gjerast uavhengig av distriktskriteriet. Endringane bør eventuelt gjennomførast gradvis.

4. Gaular kommune meiner at inntektssystemet i større grad må sikre inntektene og tenestene i dei mellomstore kommunane som har mellom 10 og 30000 innbyggjarar. Gaular kommune ber regjeringa utvikle strukturkriteriet vidare.

5. Barnehage. Kommunen støttar nytt kriterie barn 1-5 år og tal heiltidstilsette 20-44 år.

6. Endringar i skatt.

Skatten sin del av kommunane sine frie inntekter bør ikkje aukast. Før det vert teke standpunt til om selskapsskatt skal overførast til kommunane bør det greiast ut kva konsekvensar dette vil ha for den enkelte kommune. Det er og naudsynt å få dokumentert nærare kva samanheng det er mellom kommunane sitt arbeid med næringsutvikling og verksemdar i kommunen.

Saksutgreiing:

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) har sendt ut framlegg til endringar i inntektssystemet for kommunar. KS har rekna på konsekvensar for den enkelte kommune. For Gaular sin del er rekna med slike endringar frå 2017:

Utgiftsutjamning (nøklar)	- 1.155.000		- 1.155.000		-1.155.000
Basis med reiseavst. 25,4 km	- 2.817.000	6,5 km	1.173.000	13,3 km	985.000
Sør-Norge tilskot (småkomm)	- 5.475.000		- 5.475.000		-5.475.000
Til saman	- 9.447.000		- 5.457.000		-5.645.000

Endringar i kostnadsnøklane under utgiftsutjamninga er hovudsakleg endringar. For barnehagar er det endringar slik at det vert tal born 1-5 år og tal heiltidstilsette 20-44 år i staden for no gjeldande 2-5 år og utdanningskriterie der 1-åringane ikkje er med i kostnadsnøkkelen. Vidare har psykisk utviklingshemma 16 år og over fått mindre vekt.. Bakgrunn for endringane er oppgitt å vere endringar i statistiske opplysningar og ajourføring. KS har ikkje merknader til desse. Samanliknande oppstilling er teke inn i framlegget frå departementet s. 51.

Framlegget til endringar er for utgiftsutjamninga sin del knytta til endringar i kriterie for utjamning. Dette er i dag på 13,2 mill.

For basis med strukturkriterie er det 3 alternativ. Det såkalla reiseavstandskriteriet er rekna til å vere gjennomsnittleg 17,5 km for Gaular. Det er 3 alternativ for utrekning av basistilskotet: Reiseavstand 13,3, 16,5 og 25,4 km. Reiseavstand er og vurdert som eit kriterie for om små kommunar er friviljug/ufriviljug små. KS har teke utgangspunkt i at det er det siste som vert valt fordi det er dette alternativet som vil gje størst insitamant til samanslåing av kommunar.

Reiseavstandskriteriet er bygd på ei utgreiing i ei tidlegare NOU-utgreiing (Borgeutvalet). Der er no vurdert 3 alternativ. For Gaular sin del vil reiseavstand 25,4 km gje ein reduksjon på 2,8 mill., 16,5 km gjev ein auke på 1,1 mill. medan 13,3 km gjev auke på knapt 1 mill. Småkommunetilskotet der kommunen i 2016 får 5.475.000 vert endra til eit Sør-Norge tilskot. Der distriktsfaktoren har avgjerande innverknad på om kommunen vil få desse midlane. Gaular sin faktor er ifylgje opplysningar presentert av fylkesmannen på møte 08.01.16 på 47 (og i det såkalla grønt hefte) – høgare enn for dei kommunane som skal få desse midlane (fleire grupper, men høgste nivå for tilskot er 46) ifylgje notat frå KS. Vert dette gjennomført fullt ut vil ikkje kommunen få desse midlane. Det er opplyst at kommunen i 2015 har distriktsfaktor 51, men kjem kommunen ned på 46 vil tilskotssummen bli redusert til om lag 1 mill.

I tillegg kjem endringar i skattlegginga der hovudendringa er at kommunane skal få selskapsskatten frå 2017. Det er ikkje lagt fram opplysningar om kva konsekvensar dette eventuelt vil få for den enkelte kommune, men det er sagt at desse inntektene skal vere med i utrekning av inntektutjamninga. Bakgrunnen for framlegget er at kommunane må

ha insentiv til å satse på næringsutvikling. Skattedelen av kommunane sine inntekter er og til vurdering – om denne skal aukast. Den ligg i dag på 40 %.

Framlegget til endringar i inntektssystemet vil bli handsama i kommuneproposisjonen for 2017 som kjem i mai. Det er såleis føresett at endringane skal gjerast gjeldande frå 2017. Det er på same tid presisert at kommunar som gjer vedtak om samanslåing innan 01.07.2016 vil behalde ordningane som i dag. Rådmannen reknar med at endringar som gjeld kostnadsnøklane uansett vert gjennomført, og at det såleis vil vere eit innsparingskrav på 8,3 mill. basert på reiseavstand og småkommunetilskot i tillegg til dette. Tilsaman 9,4 mill.

Det er vanskeleg å tenkje seg at kommunen skal redusere drifta med slike summar. Vi arbeider no med å finne tiltak for å spare 5 mill. Skal resten dekkast inn må det truleg skje ved auke i eigedomsskatt, her er potensialet 3,8 mill. med gjeldande takstar.

Rådmannen meiner at kommunen i si fråsegn bør peike på konsekvensane av større reduksjon i inntekter. Dei endringane som er føreslegne endrar ikkje totalramma for inntektssystemet, men inneber ei forskyving mellom kommunar med sterkare vekt på tal innbyggjarar. Det er dessutan kome til eit tilleggsføre mål; å få kommunar til å slå seg saman. Dersom framlegget vert gjennomført bør alternativet 16,5 km veljast for reiseavstand. Sør-Norgetilskotet bør vere som dagens småkommunetilskot då smådriftsulempene er like store for alle kommunar under 3.200 innbyggjarar. Det er ikkje sikkert at selskapskatten bør overførast til kommunane med den grunngevinga som ligg bak. Samanhengen mellom Kommunane si satsing på næringsutvikling treng ikkje vere avgjerande for etablering av verksemdar. Dette spørsmålet treng truleg ei nærare utgreiing. Skattedelen av kommunane sine inntekter bør ikkje aukast, særleg dersom selskapskatt vert overført til kommunane. Det vil truleg skape større svingingar i kommunane sine inntekter.

Helge Følid
rådmann

Følid, Helge
rådmann